



HJELMELAND
KOMMUNE

Velferdspermisjonsreglement

Hjelmeland kommune

inkluderande, løysingsorientert & framtidsretta

Vedtatt: Kommunestyret 06.02.2013 sak 010/13
Revidert: Amu 17.02.2021 sak 007/21 og
Adm.utv 23.02.2021 sak 005/21



1. Generelle retningslinjer

1.1 Omfang av reglement

Reglementet gjelder for alle tilsette i Hjelmeland kommune jfr. HTA §1

1.2 Delegering av fullmakt i permisjonssaker

Seksjons-/einingsleiar får fullmakt til å innvilga permisjonar i inntil 12 månader utan løn og inntil ein månad med løn innan sitt tenesteområde. Permisjon utover dette vert handsama av personalleiar og rett kommunalsjef. Alle søknader om permisjon skal svarast på skriftleg, med kopi til løn og personalavdelinga.

1.3 Permisjon som arbeidstakar har krav/rett på etter lov og avtaleverk

Viser her til elektronisk personalhandbok kapittel 10 permisjonar og Hovudtariffavtalen kapittel 1 §14

2. Velferdspermisjonar med løn

2.1 Generelt

Velferdspermisjonar med løn kan maksimalt gis for 12 arbeidsdagar i løpet av eit kalenderår når viktige velferdsgrunnar føreligg. Det kan avtalast fleksibelt uttak av permisjonsdagane, sjå hovudtariffavtalen kap. 1 § 14. Fri utover 12 dagar kan ein få, men då som uløna permisjon.

Velferdspermisjonar med løn kan gis når det er naudsynt for arbeidstakaren for å ivareta viktige personlege gjeremål, og desse ikkje med rimelegheit kan forlangast utført i arbeidstakarens fritid eller gjennom anna tilrettelegging. For deltidstilsette gis permisjon under hensyn til arbeidsplan, stillingas storleik og de reelle behov.

For arbeidstakarar som arbeider etter arbeidsplan/turnus og deltidstilsette, forutsettast det at vedkommande er satt opp på jobb på tidspunktet det søkjers om velferdspermisjon for.

Like tilfelle bør handsamast likt, men det kan gjerast unntak under omsyn til den einskilde arbeidstakars sosiale forhold.

Mellombels tilsette kan innvilgast velferdspermisjon med løn forholdsmessig etter tilsetjingsforholdets varigheit.

2.2 Alvorleg sjukdom i næraste familie/pleie av pårørande

Med næraste familie meiner ein ektefelle, barn, barnebarn, foreldre, fosterforeldre, besteforeldre, søsken, svigerforeldre, svigerbarn.

Det kan gis inntil 5 dagar velferdspermisjon ved alvorleg sjukdom i næraste familie.

Ved mindre alvorlege sjukdom kan arbeidstakaren gis anledning til å innarbeide nødvendig fri på eit seinare tidspunkt. Det same gjelder for utvida permisjon.

Arbeidstakar som pleiar nære pårørande i heimen i terminalfasen har rett til permisjon i 60 dagar for å pleie den pårørande sjå aml. § 12-10. Det er imidlertid ikkje knytt noko stønad eller løn for slik permisjon, (eigne reglar for pleiepengar, sjå Nav.no)

2.3 Dødsfall i næraste familie

Ved dødsfall og påfølgande gravferd i næraste familie (sjå punkt 2.2) kan det gjevast permisjon inntil 3 dagar, eventuelt med tillegg av nødvendige reisedagar.

For andre som har stått den avlidne nær, utan å høyra til den næraste familie, kan det gis permisjon etter desse reglane. Dette skjer etter nærare avtale med leiar.

(Tilsette har ikkje ein ubetinga rett til permisjon med løn for å gå i gravferd utanom næraste familie. I samråd med leiar blir ein einig om det er permisjon med løn, avspasering eller om ein skal gis anledning til å innarbeide nødvendig fri, sjå punkt 2.2)

2.4 Tilvenning av barn i barnehage/skulestart/SFO

For tilvenning av barn i barnehage eller hjå dagmamma kan det gis permisjon med løn inntil 3 dagar. For følgje den første skuledag/SFO kan det gis permisjon med løn inntil 5 timar.

Dersom begge foreldra/føresette er tilsett i Hjelmeland kommune gjeld permisjonsretten berre for den eine foreldra/føresette.

Nattevakter får på same måte permisjon natta før tilvenning/følgje.

2.5 For eige bryllup, konfirmasjon, barnedåp og liknande

For desse merkedagane kan det gis permisjon den aktuelle dagen om den fell på ein arbeidsdag. Dei same reglane gjeld for tilsette som går i turnus eller er pålagt teneste i helgene.

2.6 Husbygging og istandsetting av eige husvære

Arbeidstakar som personleg tek del i bygging av eigen bustad kan få permisjon inntil 2 dagar. Det same gjeld om vedkomande kjøper ferdighus der ein del av arbeidet må gjerast av arbeidstakaren sjølv, eller om vedkomande tek over gamal bustad som må setjas i stand før innflytting.

Slik permisjon får ein berre ein gong, og ikkje for bygging av hytte, sommarhus, tilbygg, reparasjon og /eller vedlikehald av hus vedkommande alt bur i. Det vert ikkje gitt permisjon med løn for sjølve flyttedagen.

2.7 Religiøse og nasjonale høgtidsdagar

For feiring av religiøse og nasjonale høgtidsdagar som ikkje er offisielle etter norsk kalender, gis det permisjon inntil 2 dagar per år.

2.8 Flytting utan skifte av arbeidsgjevar

Om flytting er naudsynt ved skifte av arbeidsstad hjå ein og same arbeidsgjevar, kan det gis permisjon inntil 1 dag.

2.9 Deltaking i idrettsarrangement/kulturarrangement

Ved deltaking i større idrettsarrangement kan det gis permisjon med løn som følgjande:

- Internasjonale idrettsarrangement, meisterskap utanlands, verdsmeisterskap eller landskampar, kan det gis permisjon inntil 5 dagar.
- Deltaking i finale i noregsmeisterskap, kan det gis permisjon inntil 2 dagar.

Dette gjeld også idrettsleiarar.

2.10 Undersøking og behandling hjå tannlege, lege o.a

Undersøking og behandling hjå lege, tannlege, fysioterapeut, optikar, kiropraktor, og andre private gjeremål skal leggjast til fritida så langt det let seg gjera. Det skal presiserast at det gis i desse tilfeller kun permisjon med løn for reisetid til og frå behandlingsstad og sjølve behandlinga, tek ein

fri heile dagen vert den tida som fell utanfor dette, gitt som permisjon utan løn eller som avspasering.

2.11 Følgje barn til lege, tannlege o.a

Følgje barn til lege, tannlege o.a skal leggjast til fritida så langt det let seg gjera. Det skal presiserast at det gis i desse tilfeller kun permisjon med løn for reisetid til og frå behandlingsstad og sjølve behandlinga, tek ein fri heile dagen vert den tida som fell utanfor dette, gitt som permisjon utan løn eller som avspasering. Denne ordninga gjeld inntil barnet er 12 år.

2.12 Fri jule og nyttårshøgtida

Så langt som den løpande verksemda gir høve til det, kan kommunale arbeidstakarar få fri jule- og nyttårsafta frå kl. 08.00 til kl 12.00. Dei som på denne tida må gå i turnusteneste eller dagteneste ved t.d. institusjon, får tilsvarende kompensasjonsfri etter nærare avtale med overordna sjå elles K sak 152/84, 21.06.84

3. Andre velferdspermisjonar

Denne lista er ikkje uttømande og permisjon kan gjevast for andre velferdsformål om ein finn det rimeleg sjå HTA §14.1 2 ledd

Døme:

3.1 Tilsette som er utnemnd til meddomar i tingretten eller lagmannsretten innvilgast permisjon utan løn for den tida de er innkalla til retten. Kommunen stadfestar tappt arbeidsforteneste ovanfor domstolen.

Ved deltaking i rettssak som varer utover 1 månad beheld den tilsette sitt medlemskap i pensjonsordninga.

3.2 Tilsette som er kalla inn som vitne for domstolane, innvilgast velferdspermisjon utan løn for den tida de er innkalla til retten. Kommunen stadfestar tappt arbeidsforteneste ovanfor domstolen.

Der tilsette innkallast som vitne for domstol i eigenskap som tilsett i kommunen, inngår dette i arbeidstida.

3.3 Det innvilgast som hovudregel ikkje permisjon ved overgang til ny stilling i eller utanfor kommunen. Det må foretas ei avveining mellom omsynet til virksomheita/eininga og den einskilde tilsette.

Ved overgang til mellombels stilling, vikariat eller konstituering innanfor kommunen kan det innvilgast permisjon utan løn frå den opprinnelege stillinga.

Permisjon utan løn kan innvilgast inntil 1 år dersom det dreier seg om eit vikariat i eller utanfor kommunen som gir medarbeidaren ein fagleg utvikling som er til nytte for kommunen, og den tilsette kjem att etter endt permisjon.

3.4 Deltaking i frivillig hjelpearbeid. Tilsette som deltek i frivillig hjelpearbeid kan tilstås fri med lønn inntil 12 dagar i løpet av kalenderåret, dette i samsvar med reglane i hovudtariffavtalen.